


# Kulturplan

# Aukra kommune

## 2021 – 2024



**Første gong vedteke i kommunestyret den 22.11.12, sak 125/12**  
**Sist revidert i kommunestyret den 18.03.21, sak 15/21**

## **INNLEIING**

### **Det første planarbeidet**

Kommunestyret vedtok Aukra kommune si første kulturplan for perioden 2013-2016 den 22.11.12, sak 125/12. Då hadde oppnemnd plannemnd (k-sak 102/09) fått følgjande mandat å arbeide ut i frå;

«Utarbeide ei langsiktig, forpliktande ”Kulturplan for Aukra, 2011- 2014” med handlingsplan, som skal være eit styringsreiskap for å planlegge og prioritere innsatsen på kulturområdet i Aukra. Plana skal leggjast fram til politisk handsaming innan utgangen av november 2010.»

Plannemnda var sett saman av seks representantar frå kommuneadministrasjonen, politikarar, det frivillige kulturlivet og Aukra næringsforum.

5 grupper, sett saman av personar frå frivillige lag og organisasjonar og næringslivet arbeidde fram tiltak og målsettingar for kulturarbeidet i Aukra. Dialogmøter vart gjennomført på Julsundet og på Gossen i juni 2010.

Planarbeidet vart skyvd i tid for å kunne nytte innspel frå arbeidet med kommuneplan og påfølgjande vedtak. Høyringsuttalar til kommuneplan som omhandlar kulturfeltet vart gjennomgått i samband med planarbeidet. Det same med tilbakemeldingar frå innbyggjarundersøkinga som vart gjort i 2011. Tidsperspektivet for plana vart derfor endra til 2013-2016.

Kommuneplan for idrett, aktivitet og friluftsliv vart ein del av kulturplanen, og har fram til no vore ei uprioritert handlingsplan for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg med ei årleg rullering.

I februar 2012 vart planstatus endra frå kommunedelplan til fagplan. Dette medførte at krav til plannemnd fell vekk.

### **Revidering av kulturplanen**

Kulturplanen vart revidert første gong i k-sak 109/16 den 13.12.2016. Revidert utgåve av kulturplan vart lagt fram til politisk behandling etter gjennomgang og med medtekne endringar gjort av eining for kultur.

Før denne rulleringa vart Kulturplanen lagt ut på høyring i perioden juni-august 2020. Det er ikkje lagt opp til ei stor endring av planen denne gongen då vi ser for oss at med nytt kulturhus som skal stå ferdig i 2022 vil mykje bli endra på kulturområdet i kommunen. Ein større prosess vil derfor bli gjennomført ved neste rullering i 2023.

## PLANOMTALE

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Den er vedteken med langsiktige mål og strategiar for kommunesamfunnet i det heile og kommunen som organisasjon. Kulturplanen bygger på dei prioriterte satsingsfelt som er vedteke i gjeldande samfunnsdel av kommuneplan for Aukra.

Kulturplanen skal vere eit styringsdokument for Aukra kommune sitt engasjement på kulturfeltet og gjelde for politikarar, administrasjon og det frivillige kulturlivet. Den skal synleggjere kulturlivet i kommunen, aktivitetsnivå og rammevilkår, peike på behov og utfordringar, samt tydeleggjere fordeling av oppgåver og ansvar.

Kulturplanen gir oss eit reiskap til å halde stø kurs, ha oversikt og prioritere både i forhold til aktiviteten i kommunen og kring oss. Dette blir gjort synleg i handlingsplanar på kvart enkelt fagfelt innafor kultureininga.

Aukra har eit rikt frivillig kulturliv, - med lag og organisasjonar innanfor svært mange interessefelt. Kulturplanen skal vere eit reiskap for eit målretta samarbeid mellom kommunen sine kulturaktørar.

1. Planen inneheld strategiar for korleis vi skal arbeide med prioriterte satsingsområde.
2. Den peikar på historia og identiteten vår, samtidig som den fokuserer på vårt utviklingspotensiale, trekker inn føringar frå fylke og nasjonalt, samt viser openheit for den tid vi lever i.
3. Måla i perioden plana gjeld for er både realistiske og noko å strekke seg etter.

- Kulturplanen er avgrensa og handlingsretta. Ein går ikkje i djupna på alle felt som ligg under kulturområdet, men fokuserer på dei områda som utgjer grunnlaget for kultursatsinga i kommande planperiode i Aukra.
- Kulturplanen skal vere ei bruksplan: Den skal være eit aktivt reiskap for alle aktørar på kulturfeltet i kommunen.
- Kultur grip inn i fleire kommunale sektorar og plana skal difor ha ein sektorovergripande rolle i forvaltninga og brukast til samarbeid på tvers av einingane.
- Når planen er vedtatt, er den retningsgivande for tiltak som blir fremma i budsjettarbeid og handlingsplaner. Handlingsdelen blir rullert årleg.
- Planen skal kunne bli utfordra og påverka ved å bli utsett for debatt og innspel i forskjellige fora. Det er gjennom eigarskap til dokumentet at den vil få full kraft og funksjonalitet.

## **RAMMER**

Det er pr. i dag ikkje krav om at kommunar skal ha ei eiga Kulturplan, men det føreligg oppmodingar til eit målretta arbeid frå fleire hald.

### ***Kulturlova, gjeldande frå 1. august 2007;***

***§ 1. Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.***

Vidare står det i lovteksten at fylkeskommunen og kommunen skal sørge for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt. Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for at kulturlivet har forutsigbare utviklingskår, å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar, at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

Det finns inga særlov som omhandlar kulturen enda, men delar av kulturområdet er ivaretatt slik:

- Lov om folkehelse (Folkehelselova) iverksett i 2012 gir kommunar, fylkeskommunar og staten ansvar for å fremje folkehelse.
- Musikk- og Kulturskolar er lovfesta i Opplæringslova §13.6. «Alle kommunar skal, aleine eller i samarbeid med andre kommunar, ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles».
- Biblioteka er lovfesta i Lov om folke- og skolebibliotek av 1985, sist endra i 2014.
- Lov om friluftslivet omhandlar friluftslivforvaltninga og ferdsel.
- Konesjonsvilkår som gjeld omsetning og visning av film og video for publikum.
- Lov om kulturminne sikrar vernet av kulturminne i den kommunale planlegginga.

Overordna økonomiske og samfunnsmessige endringar har ført til eit auka samspel mellom kultur og næringsliv. St.meld. nr. 22 (2004-2005) Kultur og næring er det første regjeringsdokumentet i Noreg som gir ei samla oversikt over dette feltet. Kultur i lokal-, by- og regionutvikling er eit av fleire tema i skjæringspunktet mellom kultur- og næringsliv som vert handsama i stortingsmeldinga. Det føreligg også andre stortingsmeldingar som ein kan sjå kulturplanlegging i samanheng med: Meld. St. 16 2019-20 *Nye mål i kulturmiljøpolitikken*, og Meld. St. 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt.

Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft - Kulturpolitikk for framtida, er ei overordna kulturmelding som gir tydeleg retning for kulturpolitikken i framtida. I Noreg har det, særleg i etterkrigstida, blitt vektlagt at kultur skal vere eit rettferdig fordelt gode, og ikkje noko som berre er for enkelte grupper i befolkninga eller delar av landet. Med folkehelsperspektivet er dette no sett på dagsorden igjen – og er meir aktuelt enn nokon gong. Kulturlivet kan tilby viktige arenaer for å få til betre kvardagsintegrering og leggje til rette for fellesskap basert på mangfald, likestilling, ytringsfridom og toleranse. Vegen til deltaking i utdanning og arbeidsliv kan gå gjennom deltaking i frivillig verksemd og opplevingar av felles kulturaktivitetar i lokalmiljøet.

Det vert no arbeidd med ei Barne- og ungdomskulturmelding der kulturskole skal inngå. Kulturdepartementet og kunnskapsdepartementet samarbeider om meldinga, som etter plana skal leggast fram våren 2021.

### Frivillighetserklæringa – erklæring for samspelet mellom regjering og frivillig sektor, (des. 2014)

Frivillighetserklæringa er nasjonale myndigheiter si erklæring for samspelet med frivillig sektor. Den er ikkje eit sett med reglar, men beskriv regjeringa sine intensjonar for samspelet med frivilligheita og skal medverke til gode vilkår for sektoren. Erklæringa gir anerkjenning til frivilligheita og skal vere føreseieleg i samarbeidet, men er ikkje ein avtale med sektoren. Erklæringa er ei anerkjenning av at frivilligheit og staten sitt samspel med frivillig sektor også er eit eige politikkområde, og den skal medverke til koordinering av regjeringa sin frivilligheitspolitikk. Den kan også vere ein inspirasjon og ramme for det samarbeidet som skjer lokalt og vere med på å støtte opp under samarbeidet mellom kommunane og frivilligheita.

### FNs Barnekonvensjon frå 20.11.1989



Barnekonvensjonen er det einaste lovverket som tek omsyn til heile barnet og som står over norsk lov. Barnekonvensjonen har fire grunnleggjande prinsipp, desse er:

1. Barnet sitt beste.
2. Barnet sin rett til liv og utvikling.
3. Barnet sin rett til å bli høyrd.
4. Prinsippet om ikkje-diskriminering.

Det er foreldra som har ansvar for barnet og sikre ein god nok levestandard. Medan det offentlege kan legge til rette for foreldreoppgåva, trygge oppvekstvilkår for barnet og at barnet blir høyrd.

### Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal 2021- 2024

Fylkesplanen har dei same fire langsiktige utviklingsmåla som fylket sin regionale planstrategi. Desse er bygd opp rundt FN sine 17 berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane.

Planen har fire langsiktige utviklingsmål:

1. Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid.
2. Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1.
3. Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu.
4. Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor.

For kulturområdet i Aukra er det tredje utviklingsmålet særleg viktig; folkehelse, utanforskap og frivilligheit. Her vert det peika på at sjølv om helsetilstanden til befolkninga vår i hovudsak er god er det mange som slit psykisk, særleg blant unge vaksne. Det vert også gjort merksam på at kvardagsaktiviteten til folk er for låg.

**Frivilligplan for Møre og Romsdal** vart ferdig i 2010. Eit av formåla er å stimulere til utvikling av kommunale planar som omhandlar samhandling mellom frivillig sektor og kommunen. Målsetjinga er å utarbeide konkrete tiltak for å utvikle ein aktiv frivilligpolitikk, gjennom tilrettelegging, medverknad, møteplassar og samarbeid.

### **Kommuneplan for Aukra**



Satsingsområda i Kommuneplan for Aukra 2030 er;

- Attraktiv kommune
- Barn og unge
- Velferd og omsorg
- Aukra i regionen
- Fornyng, forenkling og forbetring
- Kompetente medarbeidarar, rekruttering
- Berekraftig økonomiforvaltning
- Klima og miljø

Folkehelse og samfunnstryggleik er valdre som gjennomgåande perspektiv for planperioden fram til 2030.

**Rammeplan for kulturskolen, «Mangfald og fordypning»** vart utarbeidd og vedtatt av Norsk kulturskoleråd i 2014. Planen er eit grunnlagsdokument for utvikling av nasjonale standardar og lokale læreplanar for kulturskolane. Målet med planen er å tydeleggjere kulturskolen som skoleslag, beskrive kjerneverksemd og sikre kvalitet. Planen, samt lokal læreplan vart vedtatt i Aukra Kommunestyre 2017. Kulturskolen skal gi opplæring av høy fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønsker det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstneriske uttrykk.

### **Planføresetnader**

For å realisere tiltaka i planen er ein avhengig av å bruke midlar i det gjeldande kommunale budsjettet. Der det er mogleg skal det søkast på tilgjengelege tilskotmidlar. Større tiltak blir fremma i samband med budsjettarbeidet.

I gjeldande økonomiplan er det vedtatt ein årleg budsjettpost på kr. 300.000,-, som er kommunal eigenandel ved spelemiddelsøknader knytt til tiltak innanfor idrett, aktivitet og friluftsliv.

## UTVIKLINGSTREKK

Utviklingstrekk over heile landet viser at ideologiske organisasjonar har tilbakegang medan interesse- og aktivitetsprega organisasjonar har framgang.

Aukra har om lag 80 frivillige lag organisasjonar registrert innanfor eit variert spekter av aktivitetar. Også i vår kommune ser ein ei utvikling i retning av organisasjonane vert meir spesialiserte. Det vert lagt større vekt på eigenorganisering, dvs. aktivitetar primært retta mot egne medlemmar og at dei gamle tradisjonelle ideologiske organisasjonane har utfordringar i forhold til rekruttering av nye medlemmar.

Aukra kommune har vist gjennom løyvingar i budsjett å ha ei målretta haldning og vilje til å styrke arbeidet innanfor kulturfeltet. Satsing på kultur heng saman med, og spelar ei viktig rolle i utviklinga av lokalsamfunnet.

Kulturskolen har fått utvikle seg til å bli ein skole og ressursenter med høg kvalitet og rikt mangfald. Med visjonen "kulturskole for alle" vil vi arbeide med å legge til rette for fleire tilbod som har låg terskel for deltaking og fortsette å utvikle samarbeid med andre tenester i kommunen.

Tilskotsordningar tilrettelagt for frivillige lag og organisasjonar har medverka til realisering av mange gode prosjekt gjennom løyvingar frå avsette fondsmidlar.

Det førebyggjande arbeidet for barn og unge er ei prioritert satsing. Kommunen si første Barne og ungdomsplan skal vedtakast i 2021. Aukra kommune deltek i eit pilotprosjekt i MOT saman med 4 andre kommunar og har i tillegg til avtalen «Skolen som samfunnsbygger» også signert avtalen «Kommunen som samfunnsbygger». Dette gir oss ein unik moglegheit til å arbeide målretta for at både barn og vaksne skal ha dei same verdiane og det same utgangspunktet for å medverke til å skape eit varmare og tryggare lokalsamfunn. At barnehagane også skal inngå avtalen «Barnehagen som samfunnsbygger» viser at kommunen har ei heilskapleg tenking kring tidleg innsats og førebyggjande arbeid for barn og unge.

Den mangeårige i kommunen har gitt av mange flotte friluftsområde. fram vidare då aktiviteten dei fleste Også mange barn og desse områda. vert vedlikehald av forhindre slitasje i



satsinga på friluftsliv gode resultat i form turstiar og Satsinga vil halde friluftsliv er den vaksne driv med. unge har glede av Utfordringa framover desse områda og å natur

*Falkeparken, Falkhytten  
Foto: Tove Charlotte Esøy*

## GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV

### **Eit mangfaldig samfunn**

Eit mangfaldig og fleirkulturelt samfunn er verdifullt. Dei nye innbyggjarane må føle at dei høyrer til, oppleve at dei er ein del av eit sosialt miljø og ha ein felles identitet. Deltaking og inkludering gjennom kulturaktivitetar kan vere avgjerande for om dei blir verande.

Undersøkingar viser også at når folk skal ta avgjerse om kvar dei skal busette seg, er forhold som gir bulyst og livskvalitet avgjerande. Sosiale relasjonar, fritidstilbod, rekreasjonsmogelegheiter mv. er viktige faktorar.

Dette, sett opp i mot sentrale trekk i samfunnsutviklinga som viser at folk har meir fritid, betre råd, i tillegg til at det i framtida vil vere kamp om arbeidskrafta, - gjer at viktigheita av å satse på kultur blir enda viktigare.

### **Folkehelse**

Folkehelse er eit gjennomgåande perspektiv også i gjeldande kommuneplan. Kommunen skal ha ein heilskapleg strategi for folkehelsearbeidet, og folkehelse skal vere ein raud tråd i alt planarbeid. For å lykkast i dette arbeidet er forankring viktig. Eit anna viktig perspektiv er samhandling på tvers av einingar.

Det er også blitt eit sterkt fokus på psykisk helse i alle aldersgrupper.

Det er særleg viktig med tidleg innsats og gode tiltak for dei yngste. Det er ein stor personleg og samfunnsmessig gevinst å hjelpe dei som slit. Hjelpetenester skal vere lett tilgjengelege. Fokusområde for kulturavdelinga er å legge til rette for gode lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår der alle kan føle seg inkludert. Dette er den viktigaste måten å førebygge på generelt og særleg når det gjeld psykiske lidningar.

For at folkehelsearbeidet skal styrkast må vi samarbeide på tvers av einingar og mellom kommune, næringsliv og frivilligheit. Folkehelse må vere i fokus på alle våre innsatsområde. Dei siste åra har utjamning av sosiale helseforskjellar vore ei utfordring. Sjølv om det har vore ei satsing i meir enn ti år, aukar helseforskjellane og det er ein klar samanheng med økonomi. Tidleg innsats og universelle tiltak er nøkkelord i denne samanhengen.


Folkehelsearbeid er ei investering for framtida. Det meste av folkehelsearbeidet skjer utanfor helsesektoren og frivillige lag og organisasjonar er ein viktig samarbeidspart. I den siste folkehelsemeldinga, «Gode liv i eit trygt samfunn», er berekraftig folkehelse tema som er omhandla i første kapittel. Eit godt folkehelsearbeid er nødvendig for å nå FN sine berekraftsmål.



*Foto: Tove Charlotte Æsøy*



## Eit trygt samfunn



Aukra kommune skal identifisere, vurdere, handtere og overvake risikoar på alle samfunnsområde. Tryggleik skal tenkast i alle oppgåver og gjeremål.

Aukra har vedteke i kommuneplan at vi skal vere MOT-kommune. Som eit lokalsamfunn med MOT har alle eit felles ansvar i forhold til å arbeide for å skape varme og trygge oppvekstmiljø der ungdom gjer kvarandre verdifull og forskjellar er akseptert. MOT jobbar oppe på brua. Vi vaksne kan vere myggmeistrar for våre barn og unge gjennom å styrke deira mot og ta vare på seg sjølv og kvarandre.

Gjennom målretta samhandling mellom tenesteområda og gjennom eit førebyggjande og tiltaksretta SLT-arbeid (samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak), skal barn og unge i Aukra få rett hjelp til rett tid.

Gjennom målretta kulturarbeid skal vi bidra til å skape livskvalitet og glede over å bu i Aukra gjennom stoltheit, identitet og kjensla av å høyre til. Gleda over å bu i kommunen vert skapt av interessante arbeidsplassar og eit godt nærmiljø, kulturaktivitetar og kulturopplevingar, sjølvrealisering, sosialt miljø og å kjenne seg ivareteken. Også fysiske kvalitetar ved staden er viktig. I følgje Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020, er dette viktige områder for å skape trivsel blant barn og unge og dermed kunne sikre framtidig busetting i regionen vår.

### Bekreftig utvikling

Gjennom lovforvaltning, tenesteproduksjon og rolla som samfunnsutviklar skal Aukra kommune ha som mål å ta vare på kulturverdiane, natur og miljøverdiane, til gagn for den enkelte og samfunnet. Kulturverdier, natur og miljø er i større grad blitt etterspurt også av turistar og tilreisande, som ein del av gode opplevingar og verdier. Det vert omtalt som kulturisme. Kortreiste opplevingar er i denne samanhengen også blitt meir interessant for fastbuande i kommunen og regionen.

### Universell utforming

I Aukra skal ein lage fysiske løysingar med god tilgjenge, tryggleik, miljøkvalitet og estetikk. Fordi kultur har stor helse- og førebyggjande effekt, er det viktig å legge til rette for ein universell utforming slik at menneske med ulike behov får tilgang til dei kulturtilbod som finst. Kultur er ei viktig kjelde til kreativ inspirasjon, kunnskap og opplevingar for alle aldersgrupper, både for folk flest og for avgrensa grupper med særskilde interesser og behov.

## OVERORDNA MÅL

### **Aukra full av energi**

Kultur er grunnlaget for identitet og det å oppleve at ein høyrer til. I kraft av seg sjølv har kultur også evne til omstilling og utvikling. Kultur skaper trivsel og bygger identitet. Og der folk trivast, brukar dei også pengar, som blir eit verkemiddel til å oppretthalde eit levande bygdemiljø. Tiltaka i kulturplanen skal bygge opp under målsettinga om at Aukra skal vere attraktiv som bukommune, slik at folk trivast og vel å bli.

Nye innbyggjarar spør like mykje etter kultur som etter andre tenester: Kva kan eg vere med på? Kva kan eg oppleve? Kvar kan eg treffe folk og bli kjent? Det gir tryggleik og tilhøyrsløse å samlast om gode møteplassar og referere til felles opplevingar. Vi skal arbeide for at alle kjenner at dei høyrer til i Aukra.

God dugnadsånd er eit flott omdøme å ha for det frivillige kulturlivet i ein kommune! Tilrettelegging for vidareutvikling av dugnaden i kommunen er eit spennande satsingsområde – som fyller Aukra kommune med ny energi!

Vi veit at «Rikdommens dilemma» kan ha innverknad på dugnadsånda. Det frivillige kulturarbeidet er kanskje eit av dei områda dette lettast blir tydeleg. Forventningane til kommunen kan verte store, og dugnadsånda kan kome til å lide skade av dette. Gjennom kulturarbeidet skal vi ha eit tydeleg verdigrunnlag som er berekraftig og legg til rette for inspirasjon for det frivillige arbeidet og god dugnadsånd. Dugnad er eit norsk fenomen med lang historie, og representerer verdiar som det norske samfunnet er tufta på. Dugnad er felles innsats der alle deltek på like fot for fellesskapet, eller for å hjelpe kvarandre. Verdiar som innsatsvilje, å vere raus, å vere gjestfri, å vise samhald, å ha eit godt sosialt samspel der alle har høve til å delta, er alle bærande element. Dugnaden er ein viktig del av det norske samfunnet også i dag – men tek andre former enn tidlegare.

Aukra har ei unik historie som strekker seg over nærare 12000 år. Dette er ei viktig historisk kjelde som gir både kunnskap og identitet. Vi skal bevare og legge til rette for at alle innbyggjarar og tilreisande får tilgang til denne historia.

Overordna mål og tiltak i kulturplanen vert oppretthalde fram til neste rullering er gjennomført. Dei bygger opp under og dei fire satsingsområda i den førre kommuneplanen; Bygdeutvikling, Nærings- og regionsutvikling, tettstad og areal og nivå på kommunale tenester

### **Overordna mål for kulturplan 2021-2024**

<b>Arena for kulturaktivitet</b>	<b>Frivillig sektor</b>	<b>Barn og unge</b>	<b>Kulturformidling</b>	<b>Kultur og næring</b>	<b>Fysisk aktivitet og friluftsliv</b>
Gjennom målretta kulturarbeid vere ein attraktiv bukommune der alle kjenner at dei høyrer til.	Skape god kommunikasjon og møteplassar mellom kommunen og frivillige, samt skape gode rammer for frivillig aktivitet.	Alle barn skal oppleve ein trygg oppvekst og ha tru på eigne krefter.	Formidle historia vår og skape identitet gjennom kunst- og kulturformidling.	Bygge merkevare rundt kulturopplevingar og attraksjonar.	Utvikle eit godt fysisk tilrettelagt nærmiljø med flotte friluftsområde, turstiar og arenaer for fysisk aktivitet. Dette skal bidra til å gjere folk meir aktive.

## SATSINGSOMRÅDE

### 1. Arena for kulturaktivitet

Gjennom dialog og sosial samhandling utviklar det lokale kulturlivet seg. Utveksling av idear, verdiar og kjensler er ein føresetnad for å lykkast. Då er det viktig at det er etablert velfungerande lokale arenaer, treffstader eller kommunikasjonskanalar der ei slik utveksling kan finne stad.

Aukra kulturhus og basseng opnar dørene i 2022. Saman med innbyggjarane i Aukra skal vi skape eit hus der alle føler seg velkomne. Dette blir eit hus med stor aktivitet, både organisert og uorganisert. Tilbodet i huset skal rettast mot barn, unge og vaksne uavhengig av funksjonsevne eller sosial bakgrunn.

Ved å kople kulturtilbod saman med kommunale tenester, syter ein for at tilboda blir godt tilgjengelege også for mange som ikkje er vane med å oppsøkje kulturtilbod.

Dette er viktige element i samfunnsutviklinga og har mykje å seie for både inkludering og deltaking i lokalsamfunnet. Dette oppnår ein best ved å vidareutvikle det gode samarbeidet mellom det frivillige kulturlivet og kultureininga i kommunen. Det er viktig både å avgrense og definere korleis det kommunale kulturarbeidet skal legge til rette for og samarbeide med det frivillige kulturarbeidet.

<b>Overordna mål:</b>	
<b>Gjennom målretta kulturarbeid vere ein attraktiv bukommune der alle kjenner at dei høyrer til.</b>	
<b>Slik vil vi ha det!</b>	<b>Slik gjer vi det!</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Alle kjenner at dei høyrer til i Aukra</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Vi tek godt i mot nye innbyggjarar slik at dei føler seg velkomne i Aukra</li><li>▪ Fokus på fleirkulturelle møteplassar</li><li>▪ Etablere og vidareutvikle tiltak med låg terskel for deltaking</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Nye og framtidsetta møteplassar for alle</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Bidra aktivt i tettstadutviklinga og ha fokus på trivsel, miljø og estetikk</li><li>▪ Utvikle og ivareta friluftsområda, turstiar og rasteplassar</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Kulturbygg med aktivitet heile dagen – alle dagar.</li><li>▪ Godt tilbod om trivselsarrangement</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Bidra aktivt i planlegging og innkøyring av Aukra kulturhus og basseng</li><li>▪ Støtte opp om trivselsarrangement som skaper engasjement og bulyst</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Folkebiblioteket skal vere ein levande kulturinstitusjon</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Etablere det nye biblioteket i kulturhuset som ein stad der alle innbyggjarane kjenner seg heime</li><li>▪ Være ein møteplass og ein aktiv kulturformidlar i kommunen. Biblioteket skal ha eit aktuelt og variert tilbod av medier og arrangement</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Ein kulturskole for alle</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Legge til rette for at alle som ønskjer det skal få eit tilbod i kulturskolen</li><li>▪ Drive kvalitativ undervisning innanfor fagfelte dans, musikk, kunst og teater</li><li>▪ Være ein arena for mangfald og inkludering</li><li>▪ Være eit ressurs- og kompetansesenter for kulturfag i kommunen og regionen</li></ul>

## 2. Frivillig sektor

Kulturlivet i kommunen er samansett av aktivitetar og tiltak i offentleg, frivillig og privat regi, og blir kjenneteikna av samarbeidsstrukturar på tvers av skiljelinene.

Dei frivillige, både som deltakarar i eit lag eller ei foreining eller som eldsjel åleine, er kvar og ein særskilt viktige for kulturlivet og for Aukra-samfunnet fordi dei skaper engasjement, sosiale fellesskap og lokal identitet. I tillegg bidreg dei til eit mangfald i kommunen som er viktig for at alle skal trivast i eit positivt fellesskap. Frivillige gjer kvardagen betre for mange menneske i lokalmiljøet.

Krav til profesjonalitet aukar innanfor det frivillige organisasjonsarbeidet. Dette medfører at det å drive frivillig organisasjonsarbeid er meir krevjande, med tanke på økonomi og organisering. Ein ser ei utvikling i at forpliktande og langsiktig deltaking i frivillig arbeid delvis vert erstatta av kjøp av tenester, delvis meir tidsavgrensa frivillig innsats innanfor faste organisasjonar. Prosjektprega frivillig innsats er også i vekst.

Dei kommunale tilskotsordningane gir lag og organisasjonar viktig drahjelp til drift og realisering av prosjekt og utvikling. Mange gode prosjekt er realisert med hjelp av kommunale tilskotsmidlar. Pr. i dag kan det søkjast om kulturtilskot med frist 1. mai kvart år, samt tilskot frå fondet «Tilskot til frivillige lag og organisasjonar» som har søknadsfrist 1. mars og 1. september. I tillegg har kommunen ei søknadsordning som er spesielt retta mot rusførebyggjande tiltak for barn og unge i Aukra.

Overordna mål: Skape god kommunikasjon og møteplassar mellom kommunen og frivillige, samt skape gode rammer for frivillig aktivitet.	
Slik vil vi ha det!	Slik gjer vi det!
▪ Aukra kommune skal vere pådrivar i forvaltinga av det lokale kulturarbeidet.	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Setje rammer og legge til rette</li> <li>▪ Stimulere, utfordre og motivere</li> <li>▪ Vere utviklingsaktør</li> </ul>
▪ Eit godt og framtidretta samarbeid mellom kommune og lag og organisasjonar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Invitere alle lag og organisasjonar til ei årleg frivillig samling</li> <li>▪ Sette aktuelle tema på dagsorden</li> <li>▪ Avklare kva kommunen kan gjere og kva kan vi produsere gjennom samarbeid</li> <li>▪ Fortsette samarbeidet om lærar-/dirigent teneste mellom kulturskole og lag og organisasjonar.</li> <li>▪ Utvikle samarbeid gjennom representant frå frivillige lag som er del av SLT-nettverket og deltakar i koordineringsgruppa i SLT-modellen.</li> </ul>
▪ Frivilligsentralen skal vere ein naturleg møteplass for alle, anten gjennom eigne aktivitetar, i regi av lag og organisasjonar eller andre.	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vere open og inkluderande for alle som har lyst til å vere med i frivillig verksemd</li> <li>▪ Skape samarbeid med frivillige, lag/foreiningar og dei ulike tenesteområda i kommunen</li> <li>▪ Vere ein ressurs for organisasjonar, tilby rådgeving, kurs og kompetanse</li> </ul>
Det skal vere enkelt å vere eldsjel i Aukra!	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Oversikt over tilskotsordningar skal vere kjent og lett tilgjengeleg. Gjere «Tilskuddsportalen» kjent</li> <li>▪ Gjennom gode tilskotsordningar sikre at lag og organisasjonar i Aukra har gode levekår</li> </ul>

### 3. Barn og unge i Aukra

Kommuneplanen for Aukra 2030 er tydeleg på at Aukra skal vere ein MOT-kommune. Det betyr at vi innanfor alle tenesteområde skal arbeide for varmare og tryggare oppvekstmiljø for barn og ungdom. Sitat: «Ved å bygge vidare på mottoet som MOT-organisasjonane har «Ta dei rette vala, ta vare på seg sjølv og andre og fremje gode haldningar» sikrar ein eit varmare og tryggare oppvekstmiljø. Ungdommen skal vere stolte av å høyre til i Aukra. Ein må ta ungdommen med på råd og investere i tiltak som dei meiner er viktige.»

I samarbeid med frivillige lag og organisasjonar skal vi ha fokus på det haldningsskapande arbeidet for å skape trygge rammer for alle barn og unge i kommunen vår. Vi kjenner alle det afrikanske ordtaket «Det skal ein heil landsby til for å oppdra eit barn». Saman skal vi vere landsbyen for alle barn i Aukra.

Dei gode opplevingane i oppveksten er ein viktig faktor som er med og avgjer om ungdommen vert buande, kjem attende etter avslutta utdanning, eller når dei stiftar familie. Ved å satse på gode oppvekstkår har Aukra mykje å vinne.

Eit meiningsfylt fritidstilbod for dei unge er ein viktig arena for integrering og ein veg til det frivillige organisasjonslivet. Bekjemping av barnefattigdom er eit satsingsområde både kommunalt og nasjonalt. Vi skal i tråd med Barnekonvensjonen og Fritidserklæringen (signert juni 2016) arbeide for at alle barn og unge skal kunne delta i minst ein organisert fritidsaktivitet. I samsvar med Fylkesplana 2017-2020 er barn og unge sine rettigheitar, medverknad og oppvekstvilkår viktige prioriteringar. Psykisk helse er eit satsingsområde både kommunalt og på fylkesnivå.

Eit anna viktig satsingsfelt er det rus- og kriminalitetsførebyggande arbeidet som vert organisert etter SLT-modellen. SLT står for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak. Modellen skal i tillegg til å ha eit førebyggande fokus, bidra til samordning av tenester som jobbar med barn og unge i Aukra kommune. Arbeidet vert koordinert av ein SLT-koordinator.

Dei uformelle møteplassane er viktige treffstader og ungdom treng trygge og føreseielege møteplassar kor det kan tilretteleggast for ulike aktivitetar på ungdommen sine premissar.

Det er ein tendens at stadig større delar av fritida til born og unge vert nytta til digitale spel og sosiale media. Ungdata 2020 (Noreg) seier 2 av 3 ungdommar at dei brukar meir enn tre timar pr. dag med skjermtid, 15% brukar meir enn seks timar. Det er på sosiale media at auken er størst. Vi må ha ei bevisst haldning til dette for å kunne nå denne viktige aldersgruppa.

<b>Overordna mål:</b>	
<b>Alle barn skal oppleve ein trygg oppvekst og ha tru på egne krefter</b>	
<b>Slik vil vi ha det!</b>	<b>Slik gjer vi det!</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Alle barn og unge kjenner at dei høyrer til i Aukra.</li><li>▪ Eit godt psykososialt oppvekstmiljø.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Synleggjere mangfaldet og arbeide for at alle føler seg inkludert</li><li>▪ Arbeide aktivt for å trekke med nye deltakerar og nå personar og grupper som i dag står utanfor kulturlivet</li><li>▪ Gjennom MOT-avtalen «Kommunen som samfunnsbygger» skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle.</li><li>▪ Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette.</li><li>▪ Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine – hjelp til å bere si eiga bagasje</li> <li>▪ Møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Alle skal ha eigarskap til MOT sine verdiar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Implementere MOT i lokalsamfunnet</li> <li>▪ Utdanne årleg nye ungdommar med MOT</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det førebyggjande- og haldningsskapande arbeidet gir synlege resultat</li> <li>▪ Utjamne sosiale skilnader</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Utstyrssentral med utstyr som ein kan låne</li> <li>▪ MOT program i skolane</li> <li>▪ Utjamne sosiale skilnader for barn og unge gjennom redusert pris/gratis tilbud gjennom offentlege støtteordningar</li> <li>▪ Gratis tilbud som Etter skoletid og Open Kveld til ungdom</li> <li>▪ Alle barn og unge har like høve til deltaking på dei ulike arenaer. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen</li> <li>▪ Tilbod til barn og unge i sommarferien</li> <li>▪ Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle elevar på 10. trinn</li> </ul> </li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Eit variert kultur og fritidstilbod for barn og unge</li> <li>▪ Medverknad frå barn og unge.</li> <li>▪ Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ta vare på og vidareutvikle aktivitetstilbod på alle nivå <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kulturskole, bibliotek, lågterskeltilbod Open kveld, ungdomsklubbar, Ungdommens kulturmonstring, UKM workshop m.m.</li> </ul> </li> <li>▪ Legge til rette for at «nye aktivitetar» og interesser skal få plass i Aukra</li> <li>▪ Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal</li> <li>▪ Alle barn og unge skal få erfaring med og skoloring i demokratiske prosessar</li> <li>▪ Alle barn og unge skal få erfare gleda av ansvaret for å medverke i eige liv og aktiv deltaking i demokratiske prosessar.</li> <li>▪ Eit aktivt ungdomsråd</li> <li>▪ Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid</li> <li>▪ Ha gode rammevilkår for det frivillige arbeidet <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Halde fram med og vidareutvikle frivilligsentralen</li> </ul> </li> <li>▪ Saman med næringslivet utvikle felles plan for marknadsføring og aktivitetar gjennom året <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Legge til rette for varierte turaktivitetar</li> </ul> </li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Barn og unge opplever at dei har innverknad i lokalsamfunnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Dei unge skal takast med i avgjersler som angår dei</li> <li>▪ Ungdomsrådet får kontinuerleg opplæring</li> <li>▪ Gjennom kulturskolen si ungdomsgruppe hente inn og løfte fram elevane sine synspunkt om kulturskolen og fritidskulturlivet for slik å ta dette med inn i planlegging av kulturskolen i framtida.</li> <li>▪ Tenke barn og unge sitt beste i alt vi gjer</li> <li>▪ Ungdomsrådet gir uttale til søknadar om kulturmidlar og ønske til tilråding</li> </ul>

#### 4. Kulturformidling

Området kulturformidling famnar breitt, og er noko alle innan kulturlivet på ein eller annan måte driv med. Kulturformidling kan vere både dei store konsertane på ei scene eller den gode historia frå gamle dagar fortalt på ei kulturminnevandring.

Gjennom dei kommunale tenestene skjer det dagleg ulike formar for formidling, anten det er i skole/barnehage, på kulturskolen, i biblioteket eller i det lokalhistoriske arbeidet. Mykje av dette er i samarbeid med frivillige eller profesjonelle.

Det same gjeld i Aukra sitt mangfaldige kultur- og organisasjonsliv, her er både enkeltpersonar og lag som legg ned mykje tid og arbeid i å formidle noko til andre.

I lokalområdet bur og arbeider fleire kunstnarar, der også nokre av dei har opne verkstader og galleri. Samtidig er formidling av lokalhistoria vår viktig, både den nære og den fjerne. Slik bygger vi identitet, og det er derfor viktig å formidle den både til nye generasjonar og nye innbyggjarar.

Formidling av kultur, på ulike arenaer og i ulike settingar er med på å ta vare på det som allereie eksisterer og samtidig skape noko nytt. I Aukra skal vi leggje til rette for mange slike møter mellom formidlar og mottakar.

Kommunen er i gang med å bygge nytt kulturhus som skal stå ferdig i 2022. Dette skal bli ei storstove for alle, med mange nye mogelegheiter for gode kulturopplevingar.

<b>Overordna mål:</b>	
<b>Formidle historia vår og skape identitet gjennom kunst og kulturformidling</b>	
<b>Slik vil vi ha det!</b>	<b>Slik gjer vi det!</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Mangfaldet i kulturhistoria vår skal vere ivaretatt, kjent og lett tilgjengeleg</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Gjennomføre prioriterte tiltak som er vedtatt i handlingsdelen i kulturminneplanen</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Kunst og kulturformidling som gir gode opplevingar, trivsel og utvikling</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Legge til rette for at utøvarar har lokale arenaer og for formidling</li><li>▪ Kommunen skal stimulere til eit rikt og allsidig miljø for kunstnarar og kreative ressurspersonar</li><li>▪ Medverke til at kunstuttrykk er tilgjengeleg i det offentlege rom</li><li>▪ Det vert lagt til rette for kinodrift</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Eit kulturhus alle vil bruke</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ I samarbeid med brukarane planlegge for eit allsidig og fleksibelt bygg som skaper trivsel og gir gode opplevingar</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Bruke nytt kulturhus bevisst i formidling</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Aukra si historie blir formidla gjennom kunst, utstillingar og arrangement i det nye kulturhuset</li></ul>

## 5. Kultur og Næring

Overordna økonomiske og samfunnsmessige endringar har ført til eit auka samspel mellom kultur og næringsliv. Kultur og opplevingsbasert næring er i sterk vekst over heile landet og det vert bygd merkevare rundt kulturopplevingar og attraksjonar. Kulturen er med og bygger vår lokale identitet og tilhøyrse.

Ei satsing på kultur og opplevingsbasert næring vil dreie seg om å bruke kulturtiltak og kulturinvesteringar som middel eller instrument for å oppnå mål på andre område enn dei kulturelle. Slike mål kan vere å stimulere økonomisk aktivitet, skape arbeidsplassar, hindre fråflytting, skape attraktive stader å bu, styrke den kreative evna i samfunnet, trekke til seg høgt kvalifisert arbeidskraft, osv.

Øyriket i Romsdal vil eksistere sjølv etter kommunesamanslåing av nabokommunar. Dei tilreisande som besøker oss ser ikkje kommunegrensene. Det er derfor viktig fortsatt ha eit større fokus på å legge til rette for opplevingar innanfor kulturfeltet.

<b>Overordna mål: Bygge merkevare rundt kulturopplevingar og attraksjonar</b>	
<b>Slik vil vi ha det!</b>	<b>Slik gjer vi det!</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Samarbeid gjennom Øyriket i Romsdal gir næringslivsaktørane økonomisk gevinst</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Utvikle og legge til rette for opplevingar og attraksjonar</li><li>▪ skape opplevingspakker for tilreisande</li><li>▪ Delta i Masterplan reiseliv 2030 Molde &amp; Aukra. Identifisere Aukra sine merkevarer og bli bevisste på korleis vi utviklar vertskap i Aukra</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Alle føler stoltheit og tilhøyre i Øyriket i Romsdal</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Vi skal bygge «det gode vertskap» slik at dei som har vore her på besøk, fortel det til andre og får lyst til å kome tilbake</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Løfte fram kultur-næringane i kommunen.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Samarbeide med næringsliv, lokale gründerar og entreprenørar i kommunen, - eit satsingsområde og noko å arbeide i nytt kulturhus. Å løfte fram allereie etablerte gründerar og motivere nye er viktig for samfunnsutviklinga og gjer kommunen attraktiv for innbyggjarane og næringslivet</li><li>▪ Samarbeide med næringsliv og grunnskole om Ungt entreprenørskap</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Eit kulturhus alle vil bruke</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ I samarbeid med brukarane planlegge for eit allsidig og fleksibelt bygg som skaper trivsel og gir gode opplevingar</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Bruke nytt kulturhus i formidling</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Aukra si historie blir formidla gjennom kunst, utstillingar og arrangement i det nye kulturhuset</li></ul>



## 6. Fysisk aktivitet og friluftsliv

Eit lokalsamfunn med mange fysisk aktive menneske, er eit mål som kan gje mange gevinstar. Sjølv om Aukra kommune er på topp i Noreg når det gjeld levealder, er det framleis mange som ikkje er fysisk aktive. Mange av oss har ein mykje meir stillesitjande kvardag enn tidlegare. Vi sit på arbeid og skole, vi køyrer mykje bil og vi brukar mange timer på sosiale media og framfor TV skjermen. Eit nytt omgrep som er nytta er "sitting is the new smoking". Helsegevinstantane er store dersom vi er fysisk aktive. Forskinga er ganske klar på at fysisk aktivitet førebyggjer ein rekke sjukdomar, også psykisk sjukdom. Dei som er psykisk sjuke får ofte fysiske problem i tillegg. Fysisk aktivitet har god effekt både på depresjon og angstlidingar. Bete livskvalitet og velvære er gevinstar dei fleste aktive får oppleve. Forsking viser også at det er stor ulikskap mellom den som er fysisk aktiv og den som ikkje er det. Dei aktive er meir aktive og dei passive har ikkje endra vanane så mykje. Det er også ein klar samanheng mellom levekår/utdanning og aktivitet. Det er dei med best utdanning og økonomi som er mest aktive og som også har den beste helsa.

Det er mange faktorar som verkar inn på om ein er fysisk aktiv eller ikkje. Det er viktig at vi som kommune legg til rette for lågterskelaktivitetar. Det skal vere enkelt å vere aktiv. Alle skal ha tilgang til eit friluftsområde i nærleiken av der ein bur. Ved legge til rette for friluftsliv og fysisk aktivitet, ved til dømes gode turstiar og idrettsanlegg når ein fleire.

Aukra kommune har mange frivillige organisasjonar, men ikkje så stort mangfald når det gjeld fysisk aktivitet. Ballidrettane er dominerande. Ved hjelp av gode rammevilkår kan kommunen stimulere til auka mangfald.

<b>Utvikle eit godt fysisk tilrettelagt nærmiljø med flotte friluftsområde, turstiar og arenaer for fysisk aktivitet. Dette skal bidra til å gjere folk meir aktive.</b>	
<b>Slik vil vi ha det!</b>	<b>Slik gjer vi det!</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Skape mangfald i tilbod til barn og unge i Aukra</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Legge til rette for nye ungdomsaktivitetar og interesser</li><li>▪ Utvikle og forbetre turstiar, badeplassar, leikeareal m.m.</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Bete tilhøve for sjølvorganisert ungdom</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Bygge alternative arenaer for aktivitet som skatepark, parkour og treningsapparat</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Alle innbyggjarar i Aukra skal kunne vere fysisk aktiv</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Legge til rette for lågterskelaktivitetar</li><li>▪ Bidra til at det blir satt av areal for idrett, aktivitet og friluftsliv, og at anlegg blir realisert</li><li>▪ Vedlikehald av turstiar, turbenkar og infoskilt vert gjort universelt utforma der det let seg gjere</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Auke tilgjengelegheita til friluftsområda</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Inngå langsiktige grunneigaravtalar</li><li>▪ Oppretthalde god merking av turstiar</li><li>▪ Vedlikehald og drift av eksisterande turstiar</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Kompetente og motiverte frivillige i lag og organisasjonane</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Skape rom for nettverksbygging og møteplassar</li><li>▪ Gi tilbod om kompetanseheving</li></ul>

## **Areal**

God planlegging og tilrettelegging for idrett, aktivitet og friluftsliv er svært viktig når ein veit at dette fremjar livskvalitet og helse for befolkninga.

Sikring av areal for idrett, aktivitet og friluftsliv vil vere ein føresetnad for vidare utbygging og tilrettelegging. Dette må skje gjennom kommunal planlegging og i samarbeid med lag og organisasjonar. Spesielt er det viktig at det i samband med planlegging og utbygging av nye bustadområde, skolar, barnehagar og institusjonar blir avsett område for fysisk aktivitet og tilrettelagt for kort veg ut i naturen.

## **Tilskot frå spelemidlane**

Ved søknad om spelemidlar til idrettsanlegg, friluftslivsanlegg og nærmiljøanlegg må tiltaket vere innarbeidd i ei kommunal plan. Ei endring frå tidlegare år er at ein ikkje treng å førehandsgodkjenne anlegget før ein søker.

Kulturplanen skal også vere ei rettesnor for Aukra idrettsråd og Livsløpsutvalet når det gjeld prioritering av spelemiddelsøknader frå kommunen.

Ein kan få tilskot til følgjande kategoriar anleggsprosjekt:

- Ordinære anlegg
- Nærmiljøanlegg

Søknader om støtte frå spelemidlane går via kommunen til fylket med frist til Aukra kommune: 1. november kvart år. Søkjarar om tilskot frå spelemidlane kan vere kommunen, fylket, idrettslag, velforeiningar eller andre samanslutningar som ikkje har kommersielle interesser.

Informasjon om søknadsprosedyrar og spesielle anlegg er samla på [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)

## **Tiltak som ein kan søke om spelemidlar til**

### Nærmiljøanlegg:

Med nærmiljøanlegg meiner ein idrettsanlegg ute for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og aktivitetsområde. Nærmiljøanlegg skal vere fritt allment tilgjengeleg først og fremst for barn og ungdom, men også for lokalbefolkninga. Nærmiljøanlegg kan unntaksvis nyttast til organisert idrettsleg aktivitet, men dei har ikkje førsteprioritet. (frå føresegner frå Kulturdepartementet)

Ein kan søkje om tilskot på inntil 50% av godkjent kostnad, avgrensa oppover til kr 300 000. Nedre godkjent kostnadsramme er kr 50 000. Det kan søkjast om rehabilitering av nærmiljøanlegg etter 10 år.

### Ordinære anlegg:

Anlegg som er knytt opp til konkurranse og trening for idrettsorganisasjonane. Større friluftsanlegg kan også komme inn i denne kategorien. Det kan søkjast om tilskot til bygging og/eller rehabilitering til idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd, og som ikkje er underlagde fortjenestebaserte eigarformer. Der ikkje anna er fastsett, kan det ystast tilskot på inntil 1/3 av godkjent kostnad. For fleire anleggstypar er det fastsett særskilde makstilskotssummar.

**Handlingsprogram ordinære anlegg med prioritering – rullert 18.03.21**  
**sak 14/21**

Prioritet	Organisasjon	Anleggstype	Anleggs kategori	Kostnad	Søkn.sum
1.	Aukra kommune	Symjebasseng	Symjeanlegg	74 181 210	18 200 000
2.	Aukra kommune/ Aukra sykkelklubb	Skatepark/ «pump track»- sykkelbane Falkhytten og Julsundet	Skate «Pump track»		
3.	Aukra kommune	Kunstisbane Falkhytten	Isanlegg		
4.	Gossen IL	Rehabilitering og evt. utbygging av Aukrahallen	Idrettshall	20-50 millionar	
5.	Gossen MC og Motor Klubb	Crossbane	Motorsport	500 000	
6.	Gossen motorklubb	Bilsportbane	Motorsport		
7.	Aukra jeger- og fiskeforening	Elektroniske skiver	Diverse skyteanlegg	300 000	100 000
8.	Aukra kommune	Kyststi del 2	Friluftsliv	1 000 000	500 000
9.	Aukra kommune	Lys- tursti Falkhytten - Riksfjordremma	Diverse- friluftsliv	900 000	450 000

**Uprioritert handlingsplan for nærmiljøanlegg - delvis prioritering – rullert 18.03.21  
sak 14/21**

<b>Prioritet</b>	<b>Organisasjon</b>	<b>Anleggstype</b>	<b>Anl.kategori</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Søkn.su m</b>
<b>1.</b>	Aukra kommune	Rehabilitering, ballbinge ved Aukrahallen	Nærmiljøanlegg	300 000	150 000
<b>2.</b>	Aukra kommune	Rehabilitering, ballbinge Solem	Nærmiljøanlegg	300 000	150 000
<b>3.</b>	Aukra kommune	Tursti Smågevatnet- Brenslen - Småge	Friluftsliv	200 000	100 000
<b>4.</b>	Aukra kommune	Tursti Torhaugmyra, Julsundet	Friluftsliv	600 000	300 000
<b>5.</b>	Løvik og Skarshaug vel/Aukra kommune	Klatrepark/naturpark Kleivhaugen	Aktivitetspark	200 000	100 000
<b>6.</b>	Aukra kommune	Tursti Hoksneset – Jærmannburet	Friluftsliv	100 000	50 000
<b>7.</b>	Aukra kommune	Tursti ved Jærmannburet	Friluftsliv	100 000	100 000
<b>8.</b>	Hoksneset velforening/ Eikrem Grendalag	Tursti Eikrem- Hoksneset	Friluftsliv	200 000	100 000
	Aukra kommune	Tursti Flyplassen - Løvika	Nærmiljøanlegg	500 000	250 000
	Julsundmarkas venner	Turløype Matberget-Småtjønna	Friluftsliv	200 000	200 000
	Aukra kommune	Tursti Horrem – Nyjord (Buavegen)	Friluftsliv	100 000	100 000
	Aukra kommune	Tursti- Hjertvikvegen – Falkhytten	Friluftsliv	200 000	100 000
	Røabukta velforening	Tursti Rød-Solem	Friluftsliv	200 000	100 000
	Nerbø Grendalag	Tursti Nerbø-Betania	Friluftsliv	200 000	100 00

